

**Delta i debatten,  
skriv til oss!**



**SEND DITT INNLEGG TIL: DEBATT@NATIONEN.NO**

Innlegg kan også sendes per post til Nationen, Postboks 9390 Grønland, 0135 Oslo. Merk konvolutten «debatt». Ingen som sendes elektronisk blir prioritert.


**TEKSTLENGDER:**

**Kronikk:** Maks 5000 tegn med mellomrom.

**Leserinlegg:** Maks 2000 tegn

Du kan også levere innlegg på nationen.no

Kun bestilte kronikker honoreres. Redaksjonen forbeholder seg retten til å redigere og forkorte innsendt stoff og til å publisere det elektronisk.



**Matmakt:** Tre daglegvarekjeder kontrollerer no nesten alle daglegvarebutikkane i Noreg.

Foto: Mariann Tvete

## Kan nokon gripe inn?

**F**ørre veke såg eg Stein Torleif Bjellas «Kan nokon gripe inn» på nynorskteateret Det norske teatert. Då tenkte eg på Konkurransetilsynet. Nærare bestemt Konkurransetilsynet, Standard Oil og marknadsreguleringa i jordbruket.

**I kronikken** «Mindre makt til samvirkene» (Nationen 25. mars) går Konkurransetilsynet i kamp mot bøndene. Sjelvsagt må Konkurransetilsynet gripe inn når marknadsmakt vert misbrukt. Men at Konkurransetilsynet prioriterer å gripe inn mot 40 000 bønder som knapt har ei anstendig årsinntekt, for å styrkje tre matkjeder, er rart.

**Er det verkeleg** bøndene og marknadsreguleringa lagt til samvirke som sit med marknadsmakt i analysane til Konkurransetilsynet? Eller handlar det om at Konkurransetilsynet har ein egen politisk agenda, som gjer dei til nyttige løpargar for matbaronane?

**Dei er nok** beleste i Konkurransetilsynet, men les dei av og til om USA og konkurranselovgevinga si spede barndom? I 1890 vedtok Kongressen Sherman Antitrust Act, og i kjølevatnet fekk myndighetene rett til å gripe inn for å regulere marknaden. Rettssakene mot Standard Oil er ei merkesak på behovet for å temje dominerande aktørar

som misbrukar marknadsmakta si. Standard Oil, eigd av J.D. Rockefeller, var eit av dei fyrste og største multinasjonale selskapa verda har sett.

**I tida 1906** til 1909 byrja myndighetene å saksøkje Standard Oil under Antitrust-lovgivinga, og i 1911 vart selskapet dømd til oppsplitting for misbruk av marknadsmakt. Det er lenge sidan, men korleis dominerande aktørar utøvar marknadsmakt er i grunn likt i dag. Og det er mange parallellar i strategiane til dåtidas Standard Oil og dei tre store daglegvarekjedene i Norge.

**Fyrst;** marknadsreguleringa i landbruket har aldri vore for matindustrien. Det handlar om den einskilde bonde, og at bonden skal ha ein forhandlingsposisjon mot både industri og kjøpmann. Eit hovudmål er - og har vore - å redusere bondens økonomiske risiko gjennom stabile leveringsvilkår, uavhengig av kor i landet bonden driv. For det andre; reiser ein i tid og distanse over dammen til USA, er det lærdom å hente om kva konkurranseloverne bør rettast mot. Og det er ikkje at bonden opptrer som dominerande aktørar med marknadsmakt.

### For bøndene

«Marknadsreguleringa i landbruket har aldri vore for matindustrien.»

**I 1890 kontrollerte** Standard Oil 88 prosent av oljeflyten. I 1904 hadde føretaket kontroll over 91 prosent av produksjonen og 85 prosent av sluttmarknaden. På vegen hadde selskapet kjøpt opp og tvunge andre aktørar ut av marknaden. Etter kvart som det vart vanskelegare å tvinge fram sal, vart strategien å monopolisere distribusjon og tvinge konkurrentar ut av verdikjeda den vegen. Gjennom selskapets dominerande posisjon tok dei kontroll over oljeleidningar og jarnbanetransport, og når konkurrentane ikkje kunne levere varer gjekk dei som regel konkurs.

**Dette er ikkje** langt frå strategien Norgesgruppen, Rema og Coop driv med i verdikjeda for mat. Dei har no delt matmarknaden mellom seg. Og siste hinder på full kontroll over varedistribusjonen er å få Tine ut av vegen, bokstaveleg tala. I tillegg kjøper kjedene seg opp i industriledet, inngår eineleverandøravtaler og etablerer egne merkevarer i stort omfang.

**Lykkast dei,** sit Norgesgruppen, COOP og REMA med kontroll på oppkjøp, sal og varedistribusjon i matmarknaden. Dei kontrollerer no daglegvarebutikkane,

storkjøkkene og kioskane. At det då er bøndene og dei bondeigde samvirke som må svekkjast for å gi betre utval og meir konkurranse finn eg underleg.

**Når direktøren** i Konkurransetilsynet konkluderer med at å fjerne marknadsregulering frå samvirke vil: «føre til at det oppnås bedre konkurranse på mottaks- og videreførelsesleddet. Sterkere konkurranse vil kunne gi forbrukerne bedre vareutvalg og lavere priser samtidig som produksjonsvolumet kan øke. Det kan vel ikke være så dumt?». Ja, då bør Stortinget byrje å lure på kva rolle Konkurransetilsynet har innteke for å få betre balanse i den norske verdikjeda for mat.

**For dette høyrer** då ut som knappar og glansbilete, heilt lausrive frå den verkelegheita Matkjedeutvalet skildra. Drøftingar om matmakta i EU er og heilt annleis. Der er dagsorden korleis ein skal styrkje bøndene og bondeigde kooperativa mot daglegvarehandelen. Til dømes etablerte landbruksministeren i EU, Phil Hogan, Agricultural Markets Task Force.

**Dei skriv i** rapporten «Enhancing the position of farmers in the supply chain» (2016, s. 6) at den svekkja marknadsreguleringa i EU no har gjort bonden til den sårbaraste aktøren: «Det er ei bekymring at bøndene, som generelt er ei fragmentert gruppe,

og som no er mindre støtta av politiske verkemidla enn tidlegare for å sikre levelege prisar, er blitt den som må å absorbere marknadssjokka i verdikjeda slik som prissvingingar og lange periodar med låge prisar.»

**Er det ei slik** retning som Konkurransetilsynet meiner vil gi ein sunnare matmarknad i Noreg? Det kan vere grunn til å minne Konkurransetilsynet om at Høgsterett i USA, som praktiserer ei av verdas strengaste konkurranselover, uttalte i 1993 at: «The purpose of the [Sherman] Act is not to protect businesses from the working of the market; it is to protect the public from the failure of the market.» (Wikipedia).

**Konkurransetilsynet** har langt større grunn til å slå alarm kring kjedemakta i matmarknaden, enn å angripe 40 000 fragmenterte bønder si makt gjennom samvirke som marknadsregulator.

**Dersom** Konkurransetilsynet er uroa for den norske matmarknaden, bør dei plukke fram att matkjederapporten (NOU 2011: 4) framfor å tilrå Stortinget å svekkje marknadsmakta til norske bønder. For nokon må snart gripe inn mot matbaronane!

**Torbjørn Tuft**  
Statsvitar, AgriAnalyse